



Reknes Byggjevarer LL
Masfjordvegen 187
5986 HOSTELAND

Referanser:

Dykkar: eb97b045-59f0-4f6a-a567-72f2b3529b9b

Vår: 20/14435 - 20/58114

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad

linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:

17.09.2020

Svar på søknad om dispensasjon fra byggegrense - gbnr 7/11 Stall

Tiltak: Dispensasjon frå byggegrense mot veg – tilbygg fritidsbustad
Byggestad: Stallavegen 90, 5993 Ostereidet – gbnr 7/11
Tiltakshavar: Reidun Stall og Pål Erik Glomsaas
Ansvarleg søker: Reknes Byggjevarer LL v/ Beathe Iren Nilsen

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå byggegrense mot veg for tilbygg på eksisterande fritidsbustad.

Sakutgreiing:

Infomasjon om saka:

Det vert søkt om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg for tilbygg på eksisterande fritidsbustad. Tiltaket vil ha ei avstand frå midt kommunal veg på 13 meter.

Vurdering/drøfting:

Tiltaket vil ikkje komme nærare kommunal veg enn eksisterande fritidsbustad og vil soleis ikkje ha innverknad på dei trafikale forholda. Tiltaket er ikkje i konflikt med siktsoner.



Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning kan ikkje sjå at det er noko som tilseier at kommunen ikkje kan gje dispensasjon frå byggegrense mot veg.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

Innbyggjarservice: +47 56 37 50
00

post@alver.kommune.no

www.alver.kommune.no

Kontonummer: 13207 29 30559

Organisasjonsnummer: 920 290 922

Samandrag/konklusjon:

Alver kommune ved samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning har vurdert søknaden og finn det forsvarleg å gje dispensasjon frå byggegrense mot veg på vilkår.

Vedtak:

Alver kommune gjev, med heimel i Veglova § 29, dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg på vilkår. Dispensasjon frå byggegrense mot veg vert gitt på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom midt kommunal veg og næraste del av tilbygg skal være minimum 13 meter.
- Ei føresetnad for dispensasjon frå byggegrense mot veg er at det vert gitt byggeløyve for tilbygg etter plan og bygningslova.
- Alver kommune fråseier seg alt ansvar for skader som oppstår på tiltak som vert plassert innanfor byggegrense mot veg. Dersom det under drift og vedlikehald av kommunalteknisk anlegg oppstår skader på tilbygget, er dette kommunen uvedkommande. Eigar av tilbygg skal sjølv sørge for og påkoste utbetring av eventuelle skader.

Alver kommune ved samferdsel, veg-, vatn og avløp forvaltning gjer merksam på at tiltaket er søknadspliktig etter plan og bygningslova.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl) jf. veglova § 11.

Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefrist er 3 veker, jf. fvl § 29(1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstaning, må høve til klage på vedtaket vert nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommune-lova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Pål Erik Glomsaas, Reidun Stall Starefossbakken 5019 BERGEN
4

Reidun Stall Starefossbakken 5019 BERGEN
4

Mottakarar:

Reknes Byggjevarer LI Masfjordvegen 5986 HOSTELAND
187